



Felles avfallsplan for småbåthamnar i Meland kommune

Plan for mottak og handtering av avfall i småbåthamner.

Denne planen er forankra i forskrift om begrensning av forurensning, [forureiningsforskrifta](#) kapittel 20, (FOR-2004-06-01-931), som handlar om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle kommunar har ei plikt til å utarbeida ein felles kommunal avfallsplan for både private og kommunale hamner, anten dei tek i mot husholdningsavfall eller ikkje. Dette er forankra i [forureiningsforskrifta § 20-6](#). Det vil fortsatt vera den enkelte hamneansvarlege som er forplikta til å følgje opp avfallsplanen.

Føremålet med avfallsplanen er å verna det ytre miljøet ved

- å sikra at den hamneansvarlege etablerar og driftar mottaksordninga for avfall frå småbåtar/fritidsbåtar på ein tilfredsstillande måte
- å sørge for at avfall frå småbåtar/fritidsbåtar vert levert til ein avtalt mottaksordning i hamnane

Planen omfattar avfall som har oppstått om bord i båten. Forskriftas definisjonar for ord og uttrykk er brukt i denne planen.

Krav til innhold i avfallsplanene er gitt i [forureiningsforskriftas kapittel 20, vedlegg 2](#). Ei kortfattet oversikt over aktuelt regelverk er gitt i punkt 4.


Tabell 1: Oversikt over 6 småbåthamner i Meland kommune

Nr	Navn på småbåt-havn (Privat/ Kommunal)	Navn på havne-ansvarlig	Antall båt-plasser	Gjeste-plasser	Mottak av restavfall	Kilde-sortert avfall ¹	Mottak av farlig avfall	Kommentar	Har havneansv. gitt samtykke til elektronisk godkjenning av planen?
1	Litlebergen Båtforening Gbnr 26/82 -120-121	Einar Nordtveit - Mobilnr: 924 23421	192	5	Ja	Nei	Nei	Konteinar for restavfall. Sjå punkt om tømmerutinar	Nei
2	Skjelanger Båtforening Gbnr 55/12	Øyvind Bratshaug Mobilnr: 969 17496	40	3	Nei	Nei	Nei	Avfall tas med heim	Ja oyvind.bratshaug@a2g.no
3	Iden Marina Gbnr 49/26 -27-100	Irene R. Iden	Ca 200	0-1	Ja	Nei	Nei	Avfall tas med heim. Farleg avfall leverast ved godkjend mottak av brukarane sjølv	Ja Post.idenmarina@gmail.com
4	Naustvika Marina Gbnr 51/11	Konrad Langeland/ Jarle Hella Sørensen Mobilnr: 971 67783	23	Nei	Nei	Nei	Nei	Avfall tas med heim.	Nei
5	Vikebø Småbåthavn Gbnr 45/8	Stein Ove Vikebø Mobilnr: 996 13963	25	Nei	Nei	Nei	Nei	Avfall tas med heim. Farleg avfall leverast til godkjend mottak av brukarane sjølv	Ja stein_ove@vikeboe.com
6	Fløksand Marina AS Gbnr 5/26-27	Terje Fløysand Mobilnr: 952 73505	22	3-4	Nei	Nei	Nei	Har eit spann der båteigarar kan hive litt restavfall. Større ting og anna avfall må tas med heim	Ja floysand@online.no

Denne avfallsplanen omfattar 6 småbåthamner med ca 500 båtplassar i Meland kommune. Alle småbåthamnene er private og dei fleste hamnene er små, utanom 2 stykker som har ca 200 båtplassar kvar. Nokre av hamnene har eit lite antall gjesteplassar. Sesongen er i perioden april til september. Dei fleste båtane er til fritidsbruk eller brukast i samband med hobbyfiske.

¹ Glass, metall, plast, matavfall, papir, EE-avfall

1. Kart over småbåthamnene



Mottaksanlegg

Avfallet er stort sett hushaldningsavfall. Båteigarane tek det med seg heim og avfallet vert handtert saman med eiga hushaldningsavfall. Farleg avfall kan leverast ved NGIR sin gjenvinningsstasjon i Meland kommune eller på ein gjenvinningstasjon i båteigars heimkommune. Med farleg avfall meines til dømes maling, olje, lim, lakkrestar eller batteri.

Hamn nr. 1 (Litlebergen Båttforening) og hamn nr. 3 (Iden Marina) har begge konteinrar som vert henta av NGIR etter avtale, sjå tabell nr 2. Utgiftene til avfall som vert henta av NGIR er lagt inn i hamneavgifta til dei hamnane dette gjeld.

Behovet for fast mottaksanlegg er derfor ikkje tilstades.

Tabell 2: Beskriving av mottaksordninger og vidare handtering av avfall for 2 hamnar

Mottaksordninger	Eksempel	Innsamling	Tømmerutinar ²	Handtering
Restavfall – Litlebergen båtforening	Usortert avfall	Leverast i eigen konteinar for restavfall	Bestiller henting når konteinar er full.	Blir henta av NGIR
Restavfall – Iden Marina	Usortert avfall	3 x 1 m3 konteinar	Hyttekonteinar med nøkkel	Blir henta av NGIR

2. System for melding om utilstrekkelig mottakstilbud for havnen

Skulle det vise seg at mottaksordninga ikkje er tilfredsstillande i hamna, kan brukarane fylle ut eit avviksskjema og sende det inn til den hamneansvarlege, sjå vedlegg 1. Hamneansvarleg og berørte partar skal vurdere om det er behov for endring av mottaksordninga. Dersom endringa er av vesentleg karakter, må ny avfallsplan sendast inn til fylkesmannen for godkjenning, jfr. [forureinsingsforskrifta § 20-6, fjerde ledd](#).

3. Involvering av berørte parter

Avfallsplanen utarbeidast i samråd med brukarane av hamna, den hamneansvarlege og kommunen, jfr. [forureinsingsforskrifta § 20-6 første ledd, jf. § 20-6 andre ledd](#). Planen skal gjerast kjend for alle brukarane. Ved endring vil kommunen ta kontakt med hamna per epost eller på telefon.

For kontakt med kommunen nyttast epost adresse: postmottak@meland.kommune.no.

På heimesida til kommunen vert avfallplanen med informasjon om mottaksordninga til den enkelte småbåthamna publisert.

4. Regelverk og konvensjoner

Forureiningsforskrifta kapittel 20

I [kapittel 20](#) er kravene til avfallsplanar i hamner fastsatt. Sjå vedlegg 2 for samandrag av hovudpunkter i høve til avfallsplaner.

² Tabell 2 er tenkt brukt dersom det er få havner og havnene har stort sett like tømmerutiner. Dersom det blir uoversiktlig å benytte tabell 2, kan mottaksordningene beskrives for hver enkelt havn i stedet for å benytte tabell 2.

Avfallsforskrifta

[Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall](#) er heimla i forureiningslova og dette medfører at regelverket om farleg avfall er gjeldande for både fartøy og for hamneansvarlege. Farleg avfall frå skip skal deklarerast i samsvar med krav i [forureiningsforskrifta kapittel 20, vedlegg III](#). Deklareringsplikta gjeld kun for verksemdar. For øvrig gjeld det ei plikt for alle til å handtere avfall forsvarleg.

Skipsavfallsdirektivet

[Skipsavfallsdirektivet](#) omhandlar mottaksanlegg for skipsavfall i hamner, bl. anna skipets plikt til å levera avfall og til å gi førehandsvarsel om avfallslevering. Direktivet har som målsetjing å beskytta havmiljøet ved å redusera utslepp av skipsavfall og lasterestar frå skip. Dette skal oppnåast gjennom å betra tilgangen til og bruken av avfallsmottak. Direktivet er implementert i norsk rett gjennom forureiningsforskrifta kapittel 20.

MARPOL

[MARPOL 73/78](#) er ein internasjonal konvensjon om hindring av forureining fra skip med seinere endringar, som fastset kva for former for avfall det er forbode å sleppa ut i havmiljø, og som krev at det ligg føre tilstrekkeleg mottaksanlegg i hamner. Skipsavfallsdirektivet og [forureiningsforskrifta kapittel 20](#) er basert på konvensjonens krav.

Andre lover, regler og føresegner for hamner og skip

Nedanfor er lista opp nokre lover og forskrifter som også regulerer tilhøve vedrørande avfallshandtering i hamner og på skip, utan at desse er gjengitt i vedlegg eller omtalast nærare:

- [Lov om skipssikkerhet av 16. februar 2007 nr. 9](#)
- [Forskrift om miljømessig sikkerhet for skip og flyttbare innretningar av 30. mai 2012 nr. 488](#)
- [Forurensningsforskriften, kapittel 23, hindring av forurensning ved kloakkutslipp fra skip](#) (kommuner kan vedta egne forskrifter på området)
- [Forurensningsforskriften, kapittel 21 om forbud mot forbrenning til sjøs](#)
- [Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 9. juli 1992 nr.1269](#)
- [Forskrift om farlig last på norske skip av 1. juli 2014 nr. 944](#)

Hamner kan ha egne vedtekter, men desse må ikkje vera i strid med krav i føresegnene eller med krav i lov eller forskrift.

Vedlegg 1

Melding til havn om utilstrekkelig mottaksordning

Forslag til meldingsskjema

(meldingsmulighet kan gjøres tilgjengelig elektronisk eller på papir)

Utfylt skjema skal sendes til [kontaktinfo havn/havneansvarlig]

Havn (navn på havn): _____

Havneansvarlig: _____

Evt. ansvarlig for avfallshåndtering _____

Hvilket forhold med mottak av avfall gjelder meldingen?

Beskriv problemet/avviket: _____

Forslag til forbedring: _____

Forholdet oppdaget (dato): _____, Skjema utfylt av: _____

Med venlig hilsen

Jeg kan kontaktes for ytterligere opplysninger

Ja takk, jeg ønsker tilbakelding om hvordan forholdet er fulgt opp

Via tlf.: _____ eller e-post: _____

Vedlegg 2

Forurensningsforskrifta kapittel 20 - hovudpunkt relatert til avfallsplaner. (Per august 2018)

Viktig lovverk:

- [Forskrift om begrensning av forurensning](#) (kap.20)
- [Forskrift om mottak av avfall og lasterester i fra skip](#)

Sjøfartsdirektoratet og Fylkesmannen er ansvarlege mynde og fører tilsyn med at føresegnene i forskriftane følgjes.

I [forurensningsforskriftens kapittel 20, vedlegg 1](#), går det blant anna fram at:

- Alle hamner skal ha ein egen avfallsplan eller vera med i en avfallsplan som er felles for fleire hamner.
- Avfallsplaner skal utarbeidast i samråd med berørte partar, blant anna brukarane.
- Planen skal godkjennast av Fylkesmannen minst kvart tredje år.
- Hamneansvarlege må etablera mottaksordningar i samsvar med planen.
- Informasjon om mottaksordningane skal vera tilgjengeleg for brukarane.
- Båtførarar må gjera seg kjent med kva for avfallsordningar som er i hamna.
- Dersom båtførarar meiner at hamna ikkje har tilstrekkelege mottaksforhold for aktuell avfallstype, kan dette meldast til den hamneansvarlege, som er pliktig til å følgja opp meldinga.

I forskrifta er fleire relevante omgrep definert. Definisjonane er gjengjevne her for å sikra at alle berørte partar er kjend med desse.

Definisjonar

1. Avfall frå skip:

Ein kvar form for avfall, også kloakk, og andre restar enn lasterestar som oppstår mens eit skip er i drift, og som omfattast av vedlegga I (olje), IV (kloakk), V (søppel) og VI (utslipp til luft) til MARPOL 73/78,¹ og lasterelatert avfall som definert i retningslinene for gjennomføringa av vedlegg V til MARPOL 73/78

2. Farleg avfall:

Avfall som betraktast som farleg avfall i medhald av [avfallsforskrifta § 11-2](#)

3. Lasterestar:

Restar av lastematerialar i lasterom eller tankar etter at lossing og reingjering er avslutta, gjeld også restmengder og søl ved lasting/lossing.

4. Skip:

Ein kvar type sjøgåande fartøy som opererer i det marine miljø, inklusive hydrofoilbåtar, luftputefartøyer, undervannsfartøyer og flytande innretningar.

5. Fritidsbåt:

Ein kvar flytande innretning som er berekna på og i stand til å bevega seg på vatn, og som brukast utanfor næringsverksemd.

6. Hamn:

Ein stad eller eit geografisk område som er utstyrt med innretningar og utstyr som gjer det mogleg å ta imot skip, inkludert fiskefartøy og fritidsfartøy.

7. Norsk hamn:

Hamn som er undergitt norsk jurisdiksjon, medrekna Svalbard og Jan Mayen.

8. EØS-område:

I denne forskrifta skal ei henvisning til EØS-området også gjelde som ei henvisning til Svalbard og Jan Mayen.

9. Hamneansvarlrg:

Den som driver hamna. Der ingen driver hamna, er eiger av hamna å anse som hamneansvarleg.

10. Mottaksordning:

Ein kvar innretning som er egna til å ta imot avfall eller lasterestar frå skip. Dette inkluderer stasjonære innretningar, så vel som flytande og mobile einingar.

11. Rutegåande skip:

Skip som transporterer passasjerar eller last mellom bestemte stader eller bestemte strekningar, til fastsette tidar.